

SAMAN forandrar VI VERDA

AvtaleGiro

Kontonr: 8220 02 85057

EG VIL BLI FAST GIVAR TIL NMS

via Avtalegiro

Eg ønskjer å gi kroner (per måned):

300,- 500,- 1000,- Anna beløp _____

Eg ønskjer at gåva skal godskrivas denne kyrkjelyden:

Belast mitt kontonummer:

□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□
---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---

Personnummer: (Fyll ut om du ønskjer skattefrådrag)

□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□
---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---

KID-nummer: (Vert fylt ut av NMS)

□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□
---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---	---

NAVN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR: _____ POSTSTAD: _____

E-POST: _____

MOBIL: _____

STAD/DATO: _____

UNDERSKRIFT: _____

SEND KUPONGEN TIL:

NMS, POSTBOKS 226 SENTRUM, 4001 STAVANGER

For ENKELTGÅVER kan du bruke konto 8220 02 85057.
Merk gåva med THAILAND.



Kva er vi med på i Thailand?

Saman med Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand (ELCT) bidrar vi til førebbyggjing av menneskehandel, og vi gir støtte til fattige barn og unge. Vi bidreg til leiaropplæring og lekmannsutdanning, og til berekraftig kyrkjeutvikling og nettverksbygging. Nord i Thailand er vi engasjert i utviklinga av regenerativt jordbruk.

FØREBYGGJING AV MENNESKEHANDEL

Thailand er eit av landa med mest menneskehandel i verda. «Sterke og trygge familiar» er eit prosjekt som har som mål å sikre barna sine rettar, førebbyggje menneskehandel og styrke familiar. ELCT har stort fokus på kyrkjediakoni. Det vert arbeidd for at kyrkjene skal ta ei aktiv rolle for å betre livsvilkåra for dei som bur i kyrkja sitt nabolag.

STØTTE TIL FATTIGE BARN OG UNGE

Lovsangshjemmet er ein barnehage i eit område i Bangkok som er prega av store sosiale problem; fattigdom, splitta familiar, rus og kriminalitet. På Lovsangshjemmet får barna omsorg og tryggleik, og dei får leike, lære, ete og kvile. Lørdagsklubbar i stadig fleire ELCT-kyrkjer gir barn i kyrkja sitt nabolag moglegheit til å delta i både morosame og lærerike aktivitetar, og dei får eit sunt måltid mat. Barn frå fattige familiar får støtte til skulegang.

LEIAROPPLÆRING OG LEKMANNSSKULE

Det lutherske seminaret i Thailand (LST) har to program for lekmannsutdanning; Frivilligheit og Kyrkjeleiing. Det blir gjeve teologisk opplæring på heilt grunnleggjande nivå, utan forkunnskapar, og det blir gjeve stipend til studentar som ønskjer høgare teologisk utdanning. Use Your Talents-metodikk blir brukt aktivt og målretta i heile kyrkja.

BEREKRAFTIG KYRKJEUTVIKLING OG NETTVERKSBYGGJING

Frå å vere ein kyrkje med mange misjonærer i leiande stillingar, må kyrkja i stadig større grad klare seg sjølv. NMS støttar kyrkja i prosessen med å skape berekraftig vekst med lokalt eigarskap. Vi bidreg også til organisasjonsutvikling og kompetanseheving på fleire område.

REGENERATIVT JORDBRUK

I nord og nordaust ynskjer kyrkjelydar å bli meir berekraftige og sjølvfinansierte ved hjelp av regenerativt jordbruk. Dei vil at kyrkjene skal vere læringscenter for medlemmar og lokalsamfunn. Økologisk matproduksjon gir mat på bordet og moglegheit for inntekt. Behovet for å reise til storbyen eller utlandet for å få jobb, blir mindre.



FOTO: MARIT MØJLSNESET/NMS

FAKTA OM THAILAND

Innbyggjartal: 71, 8 mill.
Religion: Buddhistar 93,5%, muslimar 5,4%, kristne 1,1%
Levekår: Aukande forskjellar mellom rike og fattige.
Næringsveggar: Jordbruk, fiske, industri, turisme.
Verdas største eksportør av ris og gummi. Styresett: Konstitusjonelt monarki. Politikken er turbulent. Gjentatte militærkupp.

KJELDE: WWW.FN.NO



Oppfylgjing frå NMS

NETTSIDE: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet
Her er historier og informasjon frå Thailand, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

Nyhendebrev: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

BESØK: Ønskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-POST: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS infosenter)

POSTADRESSE: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger